



Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet Region Sør og Vest
Kystverket Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest


Dato: 09.08.2016
Vår ref.: 2016/8218-5
Saksbehandlar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS - Søknad om auka maksimalt tillaten biomasse i anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 09.08.2016 frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 26295 Langøy i Lindås kommune.

Søknaden gjeld utviding av maksimalt tillaten biomasse frå 3120 tonn til 4680 tonn i eksisterande anlegg.

Godkjent anlegg består av fem frittliggende 160 m ringar på ei rekkje, som ligg rundt 130 – 650 meter frå land om lag i lengderetning nordaust – sørvest. Kvar ring ligg i ei fortøyingsramme på 100 x 100 meter på ei rekkje. Det ligg og ein fôrflåte på søraustsida av anlegget rundt 150 meter frå land. Noverande anleggspllasseringa vart godkjent etter akvakulturregolverket 19.03.2015, sjå figur under.



02	-	03	-
01	Ny posisjon	25.02.2015	JRL
Fr.	dato	16.01.2016	TT
FYLLINGSNES FISK AS			
Langøy, Lindås kommune			
Oppdrettsanlegg			
Olex bunntopografi / toporaster			
Opprøpsgraf			
Tidsskrift			
A3 - 1 : 7 500			

Verksemda si erfaring er at lokalitet Langøy er svært godt eigna for matproduksjon og dei har oppnådd svært gode biologiske resultat på lokaliteten. Ekstremt god tilvekst, god fiskehelse og god fôrutnytting.

Miljøtilstand under og i nærlona til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 3 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2011-2016, og rapportar frå desse undersøkingane syner tilstand 1 og 2. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. MOM C-gransking i recipienten, syner at lokaliteten er godt eigna til oppdrettsverksemd, med gunstig habitat for gravande botndyr og gode tilhøve for vassutskifting i merdane.

Det står fleire stader i søknaden at anleggspllasseringa ligg i akvakulturområde i kommuneplanen for Lindås frå 2011. Den nordaustlegaste delen av merdanlegget ligg utafor areal avsett til akvakultur i arealplanen. Lindås kommune har imidlertid den 04.03.2015 gjort vedtak om dispensasjon for anlegget slik det ligg no:

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Lindås kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Eide Fjordbruk AS
Fyllingsnes Fisk AS